



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.:
20/256 - 21/11375 / KASM

Dykkar ref.: 19/8232

Dato:
05.03.2021

Søknad om opprydding av ureining ved gamal skytebane i Florø, Kinn kommune

Kinn kommune søker med dette Statsforvaltaren i Vestland om løyve til opprydding av skytebane ved Litlevatnet i Florø. Struktur i søknaden fylgjer slik §36-2 i *Forurensningsforskriften* er oppstilt. Mange desse av punkta er svart på i *Florø Skytebane : Tiltaksplan for opprydding av forureina skytebanemassar* utarbeidd av Norconsult. Dette er vist til med sidetal i teksten under. Utkastet til tiltaksplanen er lagt ved.

1: Søkar

Kinn kommune
Postboks 294
6701 Måløy

2: Eigedom

Den gamle skytebana som skal sanerast ligg på Gnr. 27 Bnr. 5. Sjå også kart i vedlagd tiltaksplan for nøyaktig plassering av skytebana og oppryddingsområde.

3: Skildring planar og reguleringar

Dette er skildra på side 8 i tiltaksplanen.

4: Skildring av anlegget, omfang av verksemda og valt teknologi

Korleis tiltaket skal gjennomførast er beskrive i kapittel 11, side 55-64.

5: Oversikt over råstoff og hjelpestoff

Tilstandsklassane til massane som skal ryddast er oppsummert på side 30. Hjelpestoff er ikkje aktuelt i dette prosjektet.

Det var gjort eit forsøk på å ta prøver av sediment den 10. februar i år. Dessverre kunne ikkje dette gjennomførast pga. låg temperatur som førte til at prøvetakingsutstyret fraus. Vi førsler difor å legge dette inn som ei tillegg i oppryddings-entreprisen. Meir om dette på s. 72 i tiltaksplanen.

6: Skildring av energikjelder, energiforbruk og energigenerering.

Energiforbruk frå anleggsmaskinar som utfører opprydding og transport. Ved utarbeiding av anbuds konkurranse for oppryddinga vil vi etterspør fossilfrie anleggsmaskiner. Det vil bli stilt krav om at energiforbruk vert registrert. Det blir ikkje generert energi i oppryddingsprosessen

7: Skildring av utslepp

Utslepp av klimagassar avheng av kva type anleggsmaskiner som er tilgjengeleg. Som del av oppryddinga vil dette bli rekna ut i CO₂-ekvivalentar.

8: Skildring av alle utslepp til luft og vatn og korleis desse påverkar miljøet.

I tillegg til det som er nemnt i punkt sju, kan det førekomme oppvirvling av støv dersom massane vert for tørre. Dette kan føre til at tungmetallar forflyttar seg luftvegen som igjen kan resultere i at folk blir eksponert. Avbøtande tiltak er beskrive på side 53.

Til vatn og sediment kan det førekomme utlekking av tungmetall. Avbøtande tiltak er mellom anna beskrive på side 54. For mellomlagring av ureina massar finn ein skildring av dette på side 62-64.

9: Utreiing av miljøtilstanden

Miljøtilstanden er kartlagd gjennom fleire miljøtekniske undersøkingar, kartlegging av biologisk mangfald og geologiske undersøkingar. Oppsummering av dette finnst i kapittel 3 Områdeskildring s 10-16 og i kapittel 5 Forureiningssituasjon s 21-31.

10: Oversikt over interesser og varsling

Opprydding av skytebana er steg to i prosjektet for etablering av fullskala fotballhall. Del ein var skogrydding som er gjennomført. Prosjektet har fått stor mediedekning og vi antar at det er kjent for kommunen sine innbyggjarar. Naboar vil bli varsla ved oppstart av anleggsarbeid i samsvar med plan og bygningslova og vår eigen kommunikasjonsplan.

11: Førebygging av avfall og gjenbruk

Tidleg i prosjektfasen vart det utgreidd reinsing av skytebanemassar på staden og lokalt deponi. Desse utgreiingane kan ettersendast om ynskjeleg. Konklusjonen etter desse undersøkingane var at konvensjonell opprydding er den løysinga som er forbunde med minst risiko i framhaldet av prosjektet og overvakingfasen. Det vert lagt opp til at mest mogleg av massar med låg eller inga ureining vert gjenbrukt i byggeprosjektet.

12: Teknikkar for førebygging og avgrensingar av ureining og skadeverknader

Dette er detaljert beskrive i kap. 7, 11, 12 og 13 i tiltaksplanen.

13: Forslag til måleprogram for utslepp til ytre miljø.

Sjå omtale om overvaking av resipient side 69.

14: Vedtak og uttale frå offentlege organ

Denne saka har ikkje vore til utale til andre organ enn Kinn kommune og Statsforvaltaren i Vestland.

15: Liste over utgreiingar. Desse kan sendast ved førespurnad.

- COWI- Forundersøkelse Florø skytebane, november 2014.
- Asplan Viak - Miljøteknisk undersøkelse med tiltaksplan, mai 2017.
- Asplan Viak - Biologisk mangfald ved Litlevatnet i Flora, mars 2019.
- Asplan Viak - Supplerande Miljøteknisk undersøking, april 2019.
- WAI Environmental Solutions – Rensing av skytefelt, oktober 2019.
- Mepex -Rensing av skytebanemasser, november 2019.
- Asplan Viak- Vurdering av lokal deponering, mars 2020.

Det finnast også geologiske undersøkingar, konsekvensutgreiing og rapportar som omtalar regulering i meir detalj, utarbeidd i samband med prosjektet for fotballhallen.

Vurdering av akseptkriterie

Som Norconsult har konkludert i sitt arbeid, søker vi om løyve til å

- fjerne og levere ureina jord frå tilstandsklasse 4, 5 og farleg avfall for heile skytebana.
- I området avsett til naturføremål: La tilstandsklasse 3, 2 og 1 bli liggande og deponere/fylle ut med overskotsmassar frå klasse 1 og 2 frå halltomt til område avsett til naturføremål
- Fjerne og deponere tilstandsklasse 3 frå halltomta.

Helsing

Kaja Standal Moen
miljørådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg

Tiltaksplan - Florø skytebane D01